

Etter ombygging vart vassbehandlingsanlegget satt i drift 19 Januar 2010.

Drikkevannsforskrifta stiller krav til at pH i vatnet skal være mellom 6,5 og 9,5.

Fram til no har pH blitt justert ved å tilsette lut.

Den nye vassbehandlinga luftar vatnet, før det blir filtrert gjennom knust marmor.

Etter behandling har vatnet ut frå vassverket ein surheitsgrad på ca. pH 8. pH kan synke noko utover i nettet. Vatnet har ei hardheit på 4°dH, noko som er betegna som "bløtt vatn".

Det stilles krav om at vatnet skal sikrast med to uavhengige hygieniske barrierer.

For Gol vassverk er den første barrieren sikring av vasskjeldene. Den andre, har fram til no, vore tilsetning av klor. Klor er nå erstatta av behandling med ultrafiolett lys (UV). Meir informasjon om UV-behandling av drikkevatt, finnes hjå Folkehelseinstituttet og Mattilsynet.

Klor inngår framleis som ei beredskapsløysing, og kan måtte bli nytta ute i leidningsnettet.

Etter ombygginga er vassbehandlingsanlegget også blitt sikra betre mot flom i Hallingdalselva.

Vassverket, med dei nye endringane, vart godkjent av mattilsynet 23.12.2009.

**I korte trekk:**

- Vassverket forsyner Gol tettstad med drikkevatt.
- Leverer gjennomsnittlig ca. 2000m<sup>3</sup>/døgn

**Det opprinnelige vassbehandlingsanlegget på Eiklid**

- Bygget i 1980
- 2 grunnvassbrønner
- pH heving med Lut.
- Desinfisering med Klor

**Vassforsyninga etter ombygging**

- Vannbehandlingsbygget utvida med 90 m<sup>2</sup>, og eksisterende bygg på 250 m<sup>2</sup> er rehabilitert.
- Dimensjonert for 2350m<sup>3</sup>/døgn (max. 2600m<sup>3</sup>/døgn)
- To gamle og to nye brønner alternerer i vassproduksjonen
- pH heving ved CO<sub>2</sub> avlufting og marmorfiltrering
- Desinfisering med UV
- Mulighet for desinfisering med Klor
- Dykkede utløpspumper i lavreservoar
- Flomsikring med jordvoll plastra med stein, heving av brønntoppar og golvnivå
- Klausulert område, rundt og oppover bak anlegga.

**Reservevassforsyning.**

- Ligg 200m fra vannbehandlingsanlegget
- Bygget i 2006
- 2 nye grunnvannbrønner (inngår i daglig produksjon)
- Høytrykks pumper for sjølstendig forsyning av høydebasseng og nett.
- Mulighet for desinfisering med Klor